

Evalueringsskriterium	Vurderingselement Poengskala 1-5	Vekting 2024 (prioritering mellom evalueringsskriterium)
Betring av breibandstilbod. Aksessar (hustandar og bedrifter) i søknaden med dekning mellom 0 – 30 Mbit/s som får auka hastigheit	Nye aksessar mellom 0-30 Mbit/s som får auka kapasitet: 1 poeng = 0-5 2 poeng = 5-10 3 poeng = 10-15 4 poeng = 15-25 5 poeng = over 25	20 %
Betring av breibandstilbod. Aksessar (hustandar og bedrifter) i søknaden med dekning mellom 0-100 Mbit/s som får auka hastigheit	Nye aksessar mellom 0-100 Mbit/s som får auka kapasitet: 1 poeng = 0-9 2 poeng = 10-34 3 poeng = 35-49 4 poeng = 50-74 5 poeng = 75 og over	35 %
Lokal medfinansiering	Lokal medfinansiering i %. (Vurdering basert på erfaringstal frå tidlegare år). Lokal medfinansiering består av midlar frå kommune, anleggsbidrag utover ordinær etableringskostnad for husstandar (som kommunane garanterer for), andre private bidrag (til dømes frå bedrifter), dugnad. Anleggsbidrag, andre private bidrag og dugnad må vere konkret og spesifisert i søknadane for å bli vurdert. 1 poeng = opp til 15% 2 poeng = 15-24% 3 poeng= 25-34% 4 poeng= 35-44% 5 poeng= over 45%	30 %
Effekt på verdiskaping, lokalsamfunnsutvikling og attraktivitet	Punktet skal fange opp prosjekt der utbygging fører til prosjekt som har stor samfunnseffekt. Dette er ei skjønsvurdering der det blir gitt maksimalt 5 poeng: <ul style="list-style-type: none"> • Bedrifter i adressegrunnlaget som vil få auka verdiskaping som følge av prosjektet • Effekt for arbeidsplassar, skular, og lokalsamfunn elles • Prosjektet løyser ut andre effektar i samfunnet knytt til, 	15%

	beredskap, turisme, hyttefelt etc.	
--	---------------------------------------	--

Det vert tatt ut utgangspunkt i adresselister frå nasjonal høyring, med kvalitetssikring og korrigeringar frå kommunane. Det er berre høve til å ta ut bygg frå den godkjente lista, ikkje legge til utan at dette er godkjent av Nkom.

Poengskalaen er basert på erfaringstal frå tidlegare års søknadar og prosjekt.

I utgangspunktet blir midlane tildelt i tråd med kriteria fram til midlane er brukt opp. Det vert opna for at hovudutval for næring i særskilte høve kan gjere skjønnsmessige vurderingar og velje å ikkje tildele midlar til alle prosjekt. Dette kan til dømes gjerast dersom søknadstilfanget ikkje er godt nok, og prosjekt nede på prioriteringslista har ein kostnad per aksess som blir urimeleg høg, eller prosjektsøknadane ikkje er godt nok gjennomarbeidde. Slike saker vert drøfta og grunngjevne i politisk sak.